



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Informasjon om lærekandidatordninga





Lærekandidatordninga

Ein lærekandidat får opplæring i delar av læreplanen i det aktuelle faget. Det er mogeleg å byggje vidare på opplæringa fram mot ordinær fagprøve.



Bedrift

Bedrifter som gjev opplæring til lærekandidatar må vere godkjente lærebedrifter.



Tilskot

Bedrifter som gjev opplæring til lærekandidatar får ordinært læretilskot på ca. kr 100 000 fordelt over to år. Det er og mogleg å søkje ekstratilskot. Lærekandidaten skal ha løn på lik line med ordinære lærlingar



Kompetanseprøve

Ved slutten av opplæringstida skal kandidaten opp til ein kompetanseprøve. Kandidaten vert prøvd i det som det er gitt opplæring i. Prøva er lagt opp på same vis som for lærlingar:

- Planlegging av arbeidet
- Gjennomføring av arbeidet
- Vurdering av eige prøvearbeid

Ved bestått prøve får kandidaten tildelt kompetansebevis.



Meir informasjon om lærekandidatordninga finn du på www.sfj.no eller ved å ta kontakt med opplæringsavdelinga på telefon 57 65 61 00.